


Lange linjer, rytmiske avbrekk

Stig Nilssons samarbeid med norske komponistar har resultert i ei rekkje verk. På denne plata finst seks av dei.

5



KLASSISK
Stig Nilsson
«Solo +»
2L Products

Oslo-Filharmonien sin konsertmeister gjennom 30 år er for det meste einsleg utøvar på innspelinga. Den har fått tittelen «Solo +», og inneheld nye, norske komposisjonar for fiolin.

Nilsson framfører dei med overtyding og varme. Først Øistein Sommerfeldt si perle, «Sonata Saxifraga». Verket er oppkalla etter fjelldronninga – blomen som karrar seg fast i fjellet – og Sommerfeldt portretterer nettopp ein slik høgrest og vever skapnad som svingar seg i bergvalsen; yndig og staut på same tid.

Som plussteiknet antyder, er ikkje

Nilsson alltid åleine. I verka av Wolfgang Plagge og Terje Bjørklund frå 2007 – begge tileigna den aktive fiolinisten – er sonen Anders Kjellberg Nilsson medspelar. Dei to spelar rivande godt saman, først i Plagge sin velforma, energiske duell og sidan i Bjørklund sine meir meditative kontrastar, begge med spor av ungarsk folkemusikk.

Lengre og meir monumentale er dei tre einsatsige verka av Bjørn Kruse, Ketil Hvoslef og Kjell Mørk Karlsen. Dei tre har på fascinerande vis basert komposisjonane over liknande prinsipp, og let

Nilsson falda ut elegiske, utforskande melodiar mellom kontrastfulle rytmiske avbrekk.

Kanskje kan ein òg antyda ein felles, eksistensiell tematikk? Heilt konkret tykkjest det vera i Mørk Karlsen sin tittel, «Fantasia Religiosa per violino solo», i verket der modal tonalitet skapar inntrykk av fortid, i møte med vår tids meir dissonerande uttrykk. Kruse sitt «Memento Mori» – «Kom i hug at du skal døy» – teiknar intense og skjøre stemningsbilete, nært menneskelege kjensler og situasjonar. Også han med ei linje

44 nye inntrykkanmeldelser

DAGSAVISEN
LØRDAG 2. FEBRUAR 2008

grunnlagt 1884

Dagsavisen

bakover, mot Bach. Med tittelen «Violino Solo» gjev ikkje Hvoslef umiddelbart rom for slike assosiasjonar. Men med vekslinga mellom utstrakte linjer og periodevis rask tremolo, skapar han spaning mellom stille utforsking og ei statisk, insisterande rastløyse. Slik kan ein også her – om ein vil – lesa inn tilværsla sine spørsmål, og den evige skiftinga mellom frustrasjon og forløysing.

Gjennom det heile kling

Nilssons varme, uttrykksfulle og virtuose tone, nært på verka som i stor grad er komme til på grunn av han.

Skulle ein så ha noko å utsetja på denne plata, måtte det vera at programsamansetjinga kan opplevast lite variert. Ofte har komponistane tilnærma seg instrumentet påfallande likt, og sjølv om det skapar gode verk, balanserer innspelinga, slik eg ser det, på grensa mellom det einsarta og det

einsformige. Men ein slik betraktning er underordna. Framfor alt stadfestar denne plata Nilsson sin betydningsfulle medverknad innan samtidsmusikkfeltet, ein innsats det er grunn til å vona han vil halda fram med i uoverskodelig framtid.

IDA HABBESTAD
nyeinntrykk@dagsavisen.no